

## REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET

Dato	10.02.21	Tid	17.30- 19.30	Stad	Digitalt møte, Teams
------	----------	-----	--------------	------	----------------------

Namn	Repr.	Tilstades
Anita Vindenes	Leiar i FAU, nestleiar i SU	x
Kathrine Mydland-Aas	Nestleiar i FAU	x
Magnus Straume	Leiar i elevrådet	x
Vilde Falck-Eikemo	Nestleiar i elevrådet	x
Renate Landro Lie	Lærarar, leiar i SU	x
Bernt Arvid Vevle	Lærarar	x
Hildegunn Turøy	Andre tilsette	x
Nils Kåre Skoge	Politisk representant	x
Bente Kleppe Lervik	Øygarden kommune, rektor	x

### SAKER:

0/21	<p><b>Godkjenning av innkalling og referat:</b></p> <p>Innkalling og referat vart godkjend utan merknad.</p> <p>På spørsmål til referatet frå sist om tidlegare rektor, <i>Anne Merete V Haugane</i>, hadde vore leiar i SU ein periode, har vi fått opplyst at det var FAU-leiar som var leiar i SU den aktuelle perioden slik som er referatført.</p>
1/21	<p><b>Saker frå elevrådet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• På søndag er det <i>Morsdag, Fastelaven og Valetinsdag</i>. Som et trivselstiltak vil elevrådet at fredag skal vere kjærleikens dag på Fjell ungdomsskule. Dei vil spre glede og oppfordrar elevane til å kle seg i raudt og rosa. Premie til klassen med mest raud- farge. Elevrådsleiar sender e-post til FAU-leiar om å få pengar til premie og til å kjøpe inn kjærleik på pinne til elevane på skulen.</li> <li>• Elevane forstår at valentinballet ikkje kan gjennomførast akkurat no med tanke på smittesituasjonen. FAU har sett ein dato, og jobber for å få til eit ball 28. mai.</li> </ul>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Benker ute: rektor ser på kva vi kan ordne og om vi eventuelt kan kjøpe eit par nye</li> </ul>
2/21	<p><b>Saker frå FAU</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Valentinballet festkomiteen har landa på tre ulike løysingar: 1. Vanleg ball 2. Eit arrangement utandørs 3. Gjennomføre trinnvis Elevrådet ber då om om å prioritere 10. tr først, deretter 9.tr. så 8.tr</li> <li>• Sommaravslutningen i juni må sjåast i samanheng med eventuelt valentinsball i perioden</li> <li>• Klasseturar/skuleturar: Foreldra opptekne av at elevane på 10.trinn opplegg for elevane 10.trinn, skulen sender ut informasjon om dette så snart vi veit litt meir.</li> </ul>
3/21	<p><b>Saker frå rektor</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <u>Smittevern</u>: vi er på gult nivå med nokre tilleggsrestriksjonar, er førebudde på å gå raskt over til raudt nivå</li> <li>• <u>Eksamen</u>: Skriftleg eksamen er avlyst, det er planlagt at lokalt gjeve eksamen, munnleg skal gjennomførast. Elevane på 10.trinn har prøvemunnleg neste fredag. Elevane på 8. og 9.trinn har «Godheitsdag» med oppgåver knytt til tverrfaglege tema, dette frigjer rom og lærarar til gjennomføring av prøvemunnleg.</li> <li>• <u>Arbeidsveka</u>: Vert gjennomført dersom Koronasituasjonen tillet det.</li> <li>• <u>Vinteraktivitetar</u>: Lærarane har vore flinke til å utnytte det flott vinterværet til å gjennomføre aking og skeising. Når både sosiale og fagmål i kroppsøving og valfag gjennom desse aktivitetane.</li> <li>• <u>Foreldremøte MOT</u>: SU vedtok at møtet kan gjennomførast digitalt. Vi treng å halde fokus på verdiar og fellesskap. Sjølv om digitale møte ikkje har like god kvalitet som fysiske møte, er det viktig at ikkje alt stoppar opp.</li> <li>• <u>Overføringsprosess barneskule ungdomsskule</u>: er i gong. Vert digitalt foreldremøte for nye 8.trinn. Fysisk møte i juni dersom smittevernsituasjonen tillet det.</li> </ul>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <u>Skuleruta for neste skuleår</u>: SU vedtok at planleggingsdagen som er sett av 5. november vert flytta til 28. januar, slik at lærarane kan delta på Universitets dag.</li> <li>• <u>Elevundersøkinga</u>: Vi gjekk raskt gjennom tala. I positiv retning ser vi at elevane trivst godt på skulen, at dei får god støtte frå foreldra som er opptekne av skulegongen til ungdommane. Undersøkinga visar at eit stort fleirtal har nokon å vere med i skuletida. Skulen vil arbeide med vurdering for læring, at elevane i større grad skal vere involvert i vurderingsarbeidet og i planlegging av aktivitetar og undervisning.</li> </ul>
4/21	<p><b>Skulebygg</b></p> <p>Rektor har meldt inn at skulebygget treng vesentlege reperasjonar og oppgraderingar. Ventilasjonsanlegg, radiatorar, lekkasje frå taket, skulekjøkken som treng renovasjon, kontorarbeidsplassar, behov for fleire møterom m.m. Dette er svært kostnadskrevjande utbetringar som er kjend frå før, og som må inn på kommunen sitt budsjett. I tillegg har skulen behov for utvida areal. Eigedomsavdelinga vore på befaring, dei arbeider med ei sak til Formannskapet i mars med forslag om at alle bygg skal tilstandsvurderast.</p> <p>Som ei straksløysing ber skulen om at solskjerming og uverskur til elevane vert ordna så raskt som råd.</p>
5/21	Eventuelt: Ingen saker

**Møtedatoar resten av våren 2021:** 24. mars og 26. mai

Fjell ungdomsskule 16.02.21

Bente Kleppe Lervik

Rektor



ADRESSE: Bjørkestølen 41, 5353 Straume  
TELEFON: 55 09 77 00

NETTSIDE: [www.fjell.no/fjellungdomsskule](http://www.fjell.no/fjellungdomsskule)  
E-POST: [fjellungdomsskule@fjell.kommune.no](mailto:fjellungdomsskule@fjell.kommune.no)



**ADRESSE:** Bjørkestølen 41, 5353 Straume  
**TELEFON:** 55 09 77 00

**NETTSIDE:** [www.fjell.no/fjellungdomsskule](http://www.fjell.no/fjellungdomsskule)  
**E-POST:** [fjellungdomsskule@fjell.kommune.no](mailto:fjellungdomsskule@fjell.kommune.no)